

Ingen fleire vindauge?

16.11.2009



Terje Natland i kommunen si landbruksavdeling opplyser til Kvinnheringen at det ikkje er konkrete planar om å hogga ut fleire vindauge mot fjorden i dei mange grøne tunnelane langs riksvegen i Kvinnherad. Dermed kan det ta lang tid før til dømes det tette buskaset mot Skorpo blir fjerna (biletet). Det vart prioritert i ein lokal gjennomgang av aktuelle prosjekt.

I 2006 gjorde eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og Skogeigarlaget Vest det mogeleg å fella tre, buskar og kratt på nedsida av riksvegen fleire stader, på våre kantar ved Kvednavikjo innanfor Uskedalen og i Ljosneslia.

Fylkesmannen støtta prosjektet med 100.000 kroner slik at det fekk 150.000 til rådvelde. No er denne summen oppbrukt og ein er avhengig av meir midler hvis ein skal koma vidare.

Natland er i tvil om dette er ei kommunal oppgåve og om det er rett å bruka skogsmidlar. Problemet er at ein får ikkje vegvesenet med seg, påpeikar Natland.

Han synest det er synd at ein ikkje får opna fleire slike vindauge og peikar på at mange har kome med skryt om prosjektet.

Inntil vidare får ein satsa på å halda tilveksten nede på dei stadane det er hogge.

(Foto: Ola Matti Mathisen)